

*Fra Helge Colbanus Asklund har vi fått en fortelling om Finn-Siri og hennes siste tur fra Finnheimen ved Leklemsvatnet. Fortellinga er skrevet av hans far Johan Asklund (1913-2002) som bodde på Lekset fram til 1997. Han fikk ideen til dette gjennom et dikt som stod på trykk i avis Verdalingen 7. oktober 1986 underskrevet M. H. Bjerkan. Diktet "Fra Siriplassen til Marsteinsvola" gjengis nedenfor.*

## Finn-Siri og siste turen hennar frå Finnheimen

For ei tid sidan stod det eit dikt i bladet Verdalingen som hadde tittelen "Fra Siriplassen til Marsteinsvola." Då eg hadde lese dette diktet vart eg sitjande å tenkje over kvar denne Siriplassen kunne vera. Eg kom til at det kanskje kunne vera den plassen inne på Volhaugen som no gjerne blir kalla Finnheimen. Siriplassen kunne vel vera bra dekkjande navn på denne staden, for det var her Siri Danielsdatter Volhaugen budde med sin familie.

Siri var dotter til Mildrid og Daniel Klingerhaugen som budde i ei gammel oppe på Klingerhaugen ovanfor Raufloa. Ho var gift to gonger, først med Jakob Lossius, som var liksom Siri same eller finn slik det heitte på denne tida. Dei budde ei tid på den nedlagte garden Sørheia, men fekk setje seg opp hus på den nedlagte setervollen Vassenget ved nordenden av Leklemsvatnet. Her fekk dei rydda så mykje jord at dei med tida fødde ei ku og nokre småfe. Dessutan hadde dei nokre reinsdyr, som vel for det meste beitte inne på Verdalsfjella.

Siri og Jakob hadde fleire born. Det er fortalt at to av sønene som var på reinjeting inne på grensefjella kom ut for eit forferdeleg uver og vart liggjande ute om natta. Den eine skulle ha frosi i hel og den andre blei helselaus etter dette.

Jakob Lossius døydde ung og Siri vart gift på nytt med Tomas List, som også var same eller finn som dei sa. Dei to vart vel best kjende under namna Finn-Siri og Finn-Tåmmås. Begge – men kanskje mest Siri var vide kjend for at ho kunne gjera godt for ymse sjukdomar både på folk og fe.

Omkring år 1900 vart Siri enkje for andre gong, og i 1911 flytta ho frå plassen ved Leklemsvatnet og ned til bygda. Ho var då 87 år gammal og det er fortalt at ho brukte ski då ho før siste turen derifrå. Ei tid budde Siri i Håggåstua, hos yngste sonen Henrik Liljestrand som han kalla seg. Henrik var truleg tilsett i den svenske samemisjonen og fekk ordna med plass til henne på aldersheimen for samar i Undersåker i Sverige. Der budde Siri sine siste år til ho døydde i 1921 97 år gammal.



"Finnheimen" ved Leklemsvatnet. Etter maleri av Einar Hjelde.

Då Finnheimen var fråflytta vart husa nedrivne og skogen tok etter kvart over der det før var åkerjord. Lenge stod ein syrinbusk ved restane av grunnmuren, men no er vollen tilvakse med skog og hustufta knapt synleg.

### Etterskrift

Dei som kjem etter stien hit i dag stansar gjerne opp og set seg ned for å nyte freden og roa og den vakre naturen her inne ved vassenden. Det kan vera ein solskinnsdag når skogliene speglar seg i det stille vatnet, eller ein seinsommarkveld når dei kvite nøkkrosene langs strandene har falda seg saman for natta.

Alt er så stilt når kvelden legg seg over skog og fjell. Berre raslinga fra Metjønnbekken bryt stilla på si travle ferd gjennom bratthalla ned mot vatnet. Den kunne nok hatt mykje å fortelja om dei som gjennom tidene har kryssa bekkefaret og fortsett på stien. Stien som Siri og familien hennar vandra tallause gonger på veg til og frå bygda. Da ho på dei gamle skia sine kryssa den kvilelause bekken for siste gong, var bekken still og gøymd under is og snø.

Då ho stavra seg opp dei tunge bakkane til Sørheia trengte ho vel å stoppe opp for å kvile. Kanskje stoppar ho like mykje for å la synet for siste gong gli over dei åsar og fjell som hadde vori hennar rike. Her sprang ho som lita småjente lettbeint omkring og til ho no som gamal og utslitен står her og nikkar eit farvel til det som hadde vore hennar verd. Her hadde ho levd sitt liv og her hadde ho møtt både glede og sorg. Det er vel ikkje rart om ei tåre fann vegen nedover dei skrukne kinna.

Ho vender seg den andre vegen og lar skiene gli forsiktig etter sporet ned den slakke unnabakken langs den islagte Solemstjønna. Vidare frametter stien som buktar seg mellom snötunge graner. På si ferd mot bygda – truleg for siste gong, og snart var ho framme på Solem. Då ho hadde passert grindsleit måtte ho enno ein gong stansa opp. Framfor henne låg bygda, fjorden og bygdene omkring så langt auga rakk. Frå stua til Oline og Lorns på Solemsplassen steig røyken frå pipa. Siri hadde litt lyst til å gå dit bort før ho fór vidare.

Oline ville sikkert sette på kjelen og by på kaffe, men det lei alt langt på dag. Ho ville helst nå fram til Håggåstua og kammerset sitt der før det vart mørkt. Det kunne vel hende at ho enno ein gong kunne koma hit opp, kanskje til sommaren ein gong trøystar ho seg med.

Då Siri utpå kvelden var komen til ro i kammerset sitt og hadde ete sitt enkle kveldsmåltid, kjende ho seg trøytt og ville leggja seg til å sova. Da kom tankane om det som sonen Henrik hadde sagt om å ordne plass til henne på ein aldersheim på andre sida av Kjølen. Der skulle ho få bu saman med stammefrendar frå fjella i Jämtland - kanskje kunne det og vera nokon av slekta hennar der. Ho både gler og gruvar seg, kanskje mest det siste. Blir liggjande å tenkje på dette lenge og søvnen vil ikkje feste seg. Til slutt la ho tankane og problema sine i ei høgare makt si hand og fell omsider i søvn. I draumen er ho igjen saman med sine i stova der inne ved vassenden.

### **FRA SIRIPLASSEN TIL MARSTEINSVOLA**

*Å, så fikk jeg atter gjeste "Siriplassen" lun og god,  
og med gode venner feste inn ved skogens stille ro.*

*Opp til topps vi måtte stige, i det store skogens rike  
for å skue landets prakt i skjonne sommerdrakt.*

*Godt det er i skog å vandre på den varme sommerdag.  
Ingen ting vi har å klandre i så godt et vennelag.  
Granens friskhet får vi smoke og et fotbad får vi take  
i den friske, klare bekk, snart vi opp til Vola rekk.*

*Vidt så ser vi Trøndelagen, kjent og kjær fra barndoms tid.  
Fjorden blå og helt betagen, bukter seg så mjuk og blid.  
Leksdalsvatnet inn seg svinger, fuglen kun på sine vinger  
ser all skjønnhet og all glans der han svinger seg i krans.*

*Klart i solen til oss smiler Kjesbuvann så blankt og blidt,  
og vi setter oss og hviler: Dette er jo ditt og mitt.  
Skal vi ikke rett betrakte, nøye se, ja, ganske sakte  
hver en bygd og hvert et fjell nå i den solskinnskveld.*

*Inderøy der ut i fjorden, underskjønn du er å se.  
Mære dyrker trønderjorden, til et mønsterbruk den re.  
Opp her dukker mange minner, i fra sagatiden rinner  
Trøndelag så stor og bred, i dens strid og i dens fred.*

*Ja her er det fagre grender, alt er skjønt som se vi kan,  
bakker, lier, flater, strender, fjell som blåner, rann i vann.  
Hermansnasa høyt seg reiser, stolt imellom fjeller kneiser,  
fjell på fjell ved Kjølens rand, strekker seg som i et band.*

*Langt i nord vi Steinkjer skimter, inn ved Beitstadfjordens bukt,  
og der sør Levanger glimter, lunt bak Skånestangen smukt.  
Hvite kirker, bjerkelunder, store gårder ligg og blunder  
mellan skogåser og li opp mot setervollens sti.*

*Slik vi ser deg Trøndelagen, brede bygd ved Trondheimsfjord,  
ifra Marsteinsvol betagen, utsikten så vid og stor.  
Å det er så friskt her oppe, over alle skogens toppe.  
Her vi glemmer sorg og sut, og en lovsang bringer Gud.*

*Til Siripllassen:*

*Takk for ro og takk for hvile, Siripllassen lun og god.  
Jeg vil takke varmt og smile, alltid skjønn du for meg stod.  
Å, jeg har deg i mitt minne, alltid god du var å finne,  
Siripllass i Trøndelag i den varme sommerdag.*

